



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset

6404 MOLDE

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2012/571	6940/2014 / 002		SER / SANGUD	15.12.2014

MELDING OM VEDTAK

Handlingsplan for Vanylven kommune i kommunereformprosessen fram mot endeleg vedtak i 2016

Kommunestyret handsama i møte den 09.12.2014 – sak 92/2014. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Vanylven kommune fylgjer ”løp 2” i kommunereforma, som inneberer eit lokalt vedtak om ei eventuell samanslåing skal gjerast innan 01.07.16, med faktisk samanslåing i 2020.
2. Rådmannen utnemner ein kontaktperson for kommunereforma frå administrasjonen.
3. Kommunestyret utnemner eit utval sett saman av administrasjon, politikarar, ungdomsråd og tillitsvalde, med mynde jamfør punktet ”organisering”. Desse vert valde:
Rådmannen
Ottar Jan Løvoll, Ap
Magne Løvoll, Sp
Lena Nordal Vedeld, H
Øystein Blom, Krf
Leon Stranden, V
Nils Olav Moen, Frp
Leiar i driftsutvalet Mona Stenersen
Leiar i livsløpsutvalet Aina Ersvåg Wefring
Leiar i ungdomsrådet
1 representant frå dei tillitsvalde
Vanylven Utvikling utpeikar 1 representant frå næringslivet.
Partia kan sjølve skifte ut sine representantar
4. Handlingsplanen vert vedteken slik den ligg føre.
5. Rådmannen og ordførar får saman med utvalet mandat til å gjere endringar i handlingsplanen, dersom ein ser at enkelte punkt er overflødige eller ikkje let seg gjennomføre.

6. Innbyggjarinvolvering vert gjort i tråd med punkta i handlingsplanen.
7. Skjønsmidlane frå fylkesmannen på kroner 200.000 vert nytta til å løne kontaktperson. Kroner 100.000 frå departementet vert nytta til høyringar, folkemøte og liknande.

Rådmannen har oppnemnt Anna Lianes som kontaktperson. Ho vert då også sekretær for oppnemnt utval.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.
Detaljert handlingsplan ligg ved.

Rett utskrift:

Vanylven kommune



Kåre Kvangarsnes

Konsulent

Kopi: Rådmann og ordførar for oppfylgjing
Utvalsmedlemar
Anna Lianes
Økonomileiar



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2012/571	<i>Arkiv:</i> 002	<i>Avd/Saksansv:</i> RÅD/ANNLIA
----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
149/2014	Formannskapet	02.12.2014
92/2014	Kommunestyret	09.12.2014

Handlingsplan for Vanylven kommune i kommunereformprosessen fram mot endeleg vedtak i 2016

Tilråding:

1. Vanylven kommune fylgjer "løp 2" i kommunereforma, som inneberer eit lokalt vedtak om ei eventuell samanslåing skal gjerast innan 01.07.16, med faktisk samanslåing i 2020.
2. Rådmannen utnemner ein kontaktperson for kommunereforma frå administrasjonen.
3. Kommunestyret utnemner eit utval sett saman av administrasjon, politikarar, ungdomsråd og tillitsvalde, med mynde jamfør punktet "organisering". Desse vert valde: 1. 2. 3. 4. 5.
4. Handlingsplanen vert vedteken slik den ligg føre.
5. Rådmannen og ordførar får saman med utvalet mandat til å gjere endringar i handlingsplanen, dersom ein ser at enkelte punkt er overflødige eller ikkje let seg gjennomføre.
6. Innbyggjarinvolvering vert gjort i tråd med punkta i handlingsplanen.
7. Skjønsmidlane frå fylkesmannen på kroner 200.000 vert nytta til å løne kontaktperson. Kroner 100.000 frå departementet vert nytta til høyringar, folkemøte og liknande.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - oversikt over kommunereformarbeidet
- 2 Vedlegg 2 - Rapport frå Open Space 13.november
- 3 Vedlegg 3 - Rapport frå oppfylgingsmøtet etter Open Space
- 4 Vedlegg 4 - Utkast til utfordringsdokument frå BDO
- 5 Vedlegg 5: Detaljert handlingsplan for kommunereformarbeidet i Vanylven kommune
- 6 Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal
- 7 Vedlegg 7: Brev frå kommunalminister Jan Tore Sanner

Samandrag av saka:

Alle kommunar i Noreg har vorte bedne om å utrede ulike alternativ til kommunar å slå seg saman med, og det er eit mål å sørge for gode og lokalt forankra prosessar. I samband med dette har Fylkesmannen sett frist til 31.12.14 for kvar enkelt kommune å levere ein handlingsplan fram mot endeleg vedtak i 2016.

Saksopplysningar:

Vanylven kommune mottok 27.10.14 forventingsbrev frå Fylkesmannen i Vanylven kommune. Brevet inneheld blant anna informasjon om mål for reforma og dei tre fasane, og tidsfristar, i tillegg til ein mal for sak om kommunereforma. Saka er i stor grad utforma etter denne malen, og med mål å vere så detaljert at det ikkje alltid vil vere behov for å kome attende til kommunestyret for å gjere avklaringar. Dette kan gje forseinkingar i ein allereie tidspressa prosess.

Vanylven kommune må ha fokus på endringar i regionmodellen, som har tyding for kommunereforma. Rådmannen viser til tabell der regionmodellen er vurdert, frå rapporten frå Møreforskning presentert i Kommunal Rapport 20.november 2014. Kommunalminister Jan Tore Sanner seier dette om rapporten i same sak:

– ”Rapporten viser hvor tett regionnivået henger sammen med det kommunale nivået. Det er interessant lesning for alle som er opptatt av hvordan vi skal bygge framtidens velferdssamfunn.”

Alternativ	O-alternativet	Sammenslåing	Landsdel	Storby med fleksibel regionalpolitisk organisering	Fleksibel regionalpolitisk og kommunal organisering
Kriterier	Ca 300 kommuner	10-15 regioner, ca 300 kommuner	7 regioner og 80 regionkommuner	Ca 150 kommuner	10-15 regioner
Demokrati	Som i dag	Positivt	Positivt	Svakt positivt	Klart positivt
Tjenesteproduksjon	Negativt	Positivt	Positivt	Svakt negativt	Positivt
Myndighetsutøvelse	Som i dag	Positivt	Klart positivt	Negativt	Positivt
Planlegging og utvikling	Som i dag	Positivt	Positivt	Svakt negativt	Positivt
Totalt	Svakt negativt	Positivt	Positivt	Svakt negativt	Positivt

(Kommunal Rapport 20.11.14, s.10)

Forventningsbrev frå Fylkesmannen

Målet for kommunereforma er uttrykt slik:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane våre
- Heilskapeleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Desse fire måla skal alle kommunane gjere sine vurderingar av i prosessen fram mot vedtak våren 2016, og desse måla bør vere med i *alle* saker som vert fremja politisk om kommunereforma.

Alle kommunar i Møre og Romsdal har motteke eit forventningsbrev frå Fylkesmannen. Følgjande sitat om dei tre fasane i reforma er henta direkte frå dette:

Fase 1: Oppstartsfase (Høsten 2014)

I løpet av høsten skal alle kommunestyrer i Møre og Romsdal ha diskutert og gjort vedtak om hvordan de vil kjøre prosessen i sin kommune. Viktige stikkord her er å etablere god dialog med innbyggerne, organisasjoner, næringsliv, medarbeidere og tillitsvalgte. Spesielt viktig er det å trekke med og involvere ungdommen.

I forarbeidet vil det være en fordel at man har samkjørt med aktuelle nabokommuner for sammenslåing, slik at man kan ha noen felles milepæler i kommunenes prosessplaner. Vedtaket sendes fylkesmannen innen 31.12.2014, og Fylkesmannen bevilger kr 200 000 til hver kommune i prosess-støtte på bakgrunn av vedtaket. Byene får kr 500 000. (Skjønnsmidler).

Alle kommuner oppnevner en egen kontaktperson.

Fase 2: Utredningsfase (2015)

Dersom noen kommuner i Møre og Romsdal vil være med på det raskeste løpet som Stortinget har gitt mulighet til, så kreves det at det fattes likelydende vedtak i de aktuelle kommunestyrene i løpet av 2015.

Departementet har laget et verktøy hvor man på en enkel måte kan få fram viktige faktaopplysninger som man kan diskutere og vurdere ut i fra. Denne anbefales å bruke; www.v.n.kommune.no. Faktaopplysningene som fremkommer her er hentet ut fra de kriteriene som Telemarksforskning pleide å legge til grunn i sine tidligere utredninger om kommunesammenslåing.

Når det gjelder grensevurderinger mellom kommuner og fylkeskommuner, må dette vurderes samtidig.

For å sikre at alle kommunene kommer godt i gang, og vil kunne levere innen fristen i 2016, vil vi be om en kort statusrapport fra den enkelte kommune innen 01.07.2015.

Det er også viktig å legge godt til rette for opplæring av nye folkevalgte med spesiell fokus på kommunereformen.

Fase 3: Beslutningsfase (Våren 2016)

Sitat fra departementets oppdragsbrev til fylkesmannen:

«Alle kommuner skal fatte kommunestyrevedtak innen sommeren 2016, og disse skal meldes inn via Fylkesmannen. I tillegg skal Fylkesmannen på selvstendig grunnlag gjøre en vurdering av om de samlede kommunestyrevedtakene der det legges vekt på helheten i regionen og fylket. I Fylkesmannens tilbakemelding til departementet bes det om at det blir gjort en vurdering om vedtakene er i tråd med hovedpunktene i reformen, jfr. kap 4 i kommuneproposisjonen for 2015.» Sitat slutt.

Det har vore understreka at ingen kommunar i Møre og Romsdal er klare til å vere med i første proposisjon. Det skal fremjast ny proposisjon til kongen våren 2017, og departementet legg til grunn at samanslåingane skal setjast i verk seinast frå 1.januar 2020. (Kommuneproposisjon 2015, s.10.)

I mal for sak om kommunereforma frå Fylkesmannen, vert følgjande informasjon given:

Ekspertutvalet vil kome med sin sluttrapport til regjeringa 01.12.14. Denne rapporten vil innehalde ei vurdering om kommunane skal få endå fleire oppgåver, og i så fall kva type oppgåver. Dette vert lagt fram i ei Stortingsmelding våren 2015. Sjølv om dagens oppgåveportefølje fortset, er det meir enn nok grunn til å jobbe med kommunesamanslåing for å skape robuste kommunar.

Det vil kome forslag om endringar i inntektssystem i kommuneproposisjonen 2016. Det har allereie no kome indikasjonar om at inntektssystemet vil verte lagt om slik at dette er med på å underbygge regjeringa si målsetjing om færre, større og meir robuste kommunar. Ein kan difor ikkje tillegge noverande inntektssystem ei avgjerande tyding i vurderinga av kva kommunar som bør slå seg saman.

Lokalt arbeid med kommunereforma

Kommunestyret handsama i møte den 09.09.2014 – sak 57/2014. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Vanylven kommunestyre ser det som særskilt viktig at ein er med i prosessen rundt kva oppgåver kommunane skal ha i framtida.
2. Vanylven kommunestyre ber ordføraren og rådmannen om å gå inn i samtalar og sonderingar med nærliggande kommunar, med formål om å søkje etter ein formålstenleg kommunestruktur for kommunane.
3. Vanylven gjennomfører innbyggjarundersøking hausten 2014. Stipulert sum kr. 110.000,-. Finansierte over formannskapsposten.

Per november 2014 er innbyggjarundersøkinga gjennomført, og kommunestyret er orientert om resultatet av denne. Ordføraren og rådmannen har også hatt felles formannskapsmøte med Sande kommune, i tillegg til samtalar med Vågsøy og Selje. Det var oppstartssamling for kommunereformarbeidet i Molde 17.september 2014, og oppstartssamling med Sunnmøre Regionråd i Ålesund 25.09.14. I ordførarmøtet for kommunane på Søre Sunnmøre, på omsorgssenteret i Vanylven 27.oktober 2014 tok ein føre seg temaet med blant anna innlegg frå Fylkesmannen og Sunnmøre regionråd. Sjå elles vedlegget "Oversikt over kommunereformarbeidet" – utarbeidd av varaordførar Ottar Jan Løvoll.

Den 13. november gjennomførte ein også heildagssamling i kommunestyresalen, der politikarar, administrasjon, ungdomar, næringslivet, tillitsvalde med fleire var inviterte. Samlinga gjekk føre seg i seg etter "Open Space"-metoden, som er godt egna når nyanserte grupper saman skal svare på problemstillingar med mange moglege utfall. Etter dette møtet satt ein igjen med mykje godt stoff til å lage ein lokal framdriftsplan, basert på ynskjer og innspel frå ei stor gruppe medspelarar. Både i forkant og etterkant hadde ein møter med prosessrettleiar Hege Steinsland frå Relat. På møtet i etterkant samanfatta ein resultatata i konkrete milepålar for arbeidet i Vanylven kommune.

Mandat for prosessen i Vanylven kommune

Med brevet frå Statsråd Sanner datert 28.06.14, sjå vedlegg 1, og forventingsbrev av 15.10.14 frå Fylkesmannen har kommunane fått ei samla oversikt og over det som nasjonalt og lokalt er mandat relatert til kommunereforma.

Jamfør vedtaket frå kommunestyremøtet 09.09.14 har ein gitt rådmann og ordførar delegert mynde til å vere i dialog med nabokommunar:

2. Vanylven kommunestyre ber ordføraren og rådmannen om å gå inn i samtalar og sonderingar med nærliggjande kommunar, med formål om å søkje etter ein formålstenleg kommunestruktur for kommunane.

No ber Fylkesmannen om at kommunane gjer vurderingar av eigen situasjon og status, og slike vurderingar er viktige for å ha eit så godt som mogleg grunnlag før endelege lokale vedtak og utgangspunkt for dialogar med egne kommunar. Ein må også ta opp spørsmål om grensejusteringar og deling av kommunar i prosessen. Slike spørsmål har ikkje vore behandla politisk i Vanylven så langt. Å presentere moglege alternativ politisk ligg inne som delmål tre gongar i handlingsplanen. Vanylven kommune må òg bestemme seg kva "løp" ein ynskjer å vere med på. Dersom ein skal vere med på "løp 1", vil dette i praksis seie at både eigen kommune og nærliggjande kommunar allereie er komne langt i prosessen, og er sameinte om samanslåing. Rådmannen i Vanylven ser ikkje at situasjonen er slik korkje for Vanylven eller nærliggjande kommunar, og rår kommunestyret til å velje alternativ 2, med samanslåing frå 2020.

Organisering

Kommunestyret i Vanylven må utnemne eit utval. Rådmannen foreslær ei gruppe utnemnd av kommunestyret, samansett av administrasjon, politikarar, næringslivsforum, ungdomar og tillitsvalde. I tillegg skal kommunen utnemne ein kontaktperson, jamfør forventningsbrevet frå Fylkesmannen. Rådmannen utnemner denne personen, og denne fungerer som sekretær for utvalet.

Utvalet skal følge framdrifta til planen, men får mynde til å endre tidsfristar, og til å endre avgjersler om involvering utover det som vert klargjort i denne saka. Prinsipielle avgjersler vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret. Formannskapet og kommunestyret skal verte laupande orienterte om arbeidet, og møtereferat skal leggjast fram til orientering. Utvalet avgjer om det er nødvendig å gjere presentasjonar eller orienteringar til kommunestyret knytt til dei ordinære kommunestyremøta.

Informasjonsstrategi

Sumaren 2014 vart det skriva eit forslag til informasjonsstrategi (frå no av kalla kommunikasjonsstrategi) for Vanylven kommune. Ein ynskjer å jobbe med å implementere denne, slik at ein kan nå best mogleg ut til både tilsette og innbyggjarar. Denne vil verte lagt ut på høyring, og sendt ut til dei tilsette før jul 2014 før vidare politisk handsaming.

Hausten 2014 oppretta rådmann ei kommunereformsida på heimesida til Vanylven kommune. Her vil ein finne oppdatert informasjon om kommunereforma i form av tal, statistikk og rapportar, i tillegg til at ein ynskjer å implementere ein kanal for tilbakemelding frå innbyggjarane via heimesida. Denne skal vere enkel og intuitiv og nytte. Ein ynskjer å bruke Vanylven kommune sin Facebook-konto til å dele lenkene frå heimesida, slik at fleire skal kunne verte nådd.

Framdriftsplan

I utkastet til utfordringsnotat frå BDO, vedlegg 4, er det laga ein overordna framdriftsplan for kommunane i Møre og Romsdal:

Aktivitet	2014		2015								2016									
	nov	des	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	jan	feb	mar	apr	mai	jun
Utredningsfase	■																			
Kommunale prosessvedtak		■																		
Vurderingsfase med identifisering av alternativer/mulighetsbilde			■	■	■	■	■	■												
Vedtak om vidare arbeid med definerte alternativer							▲													
Prosjektfase, inkludert involveringsaktiviteter									■	■	■	■	■	■						
Intensjonsavtale med felles vedtak													▲							
Beslutningsfase															■	■	■	■	■	
Involvering med råd															■	■				
Kommunalt vedtak om ny struktur																				▲
Gjennomføringsfase																				

(Kjelde: Rapport – UTKAST. Utfordringsnotat i forbindelse med gjennomføringen av kommunereforma. s.52.)

Her ser ein at ein bør ha på plass eit vedtak om arbeid med vidare definerte alternativ i juni 2015. Vidare ein intensjonsavtale med felles vedtak i desember 2015, og til slutt eit kommunalt vedtak om ny struktur i juni 2016. Rådmannen føreslær at Vanylven kommune held seg til desse overordna føringane i tillegg til sin eigen lokale handlingsplan, med milepålår.

Etter møtet i kommunestyresalen 13.november kom ein fram til mange milepålår i arbeidet for Vanylven kommune, og på oppsummeringsmøtet enda ein opp med ei prioriteringsliste på fem hovudmilepålår. Under er det lista opp ulike tiltak for å kome i mål med dei ulike milepålåne, og i vedlegg 5 ser ein utkast til detaljert handlingsplan.

Milepålå: Etablere god kommunikasjonskanalar

Tid: Desember 2014 -> Januar 2015

Tiltak:

- Kommunikasjonsstrategi
- Strategien på høyring i seks veker, både offentleg og hjå til dei tilsette
- Politisk forankring av kommunikasjonsstrategien.
- Har klar tilbakemeldingsfunksjonen på heimesida til januar 2015.
- Aktivt nytte strategien gjennom prosessen.
- Oppdatere Vanylven kommune og Vanylven Utvikling si Faceookside kvar veke.
- Opprette "nettside" for plandokument.
- Rådmannen sitt nyhendebrev 10 gongar i året, via e-post og intranettsida.
- Tillitsvalde skal vere med i møter, og i grupper som vert sett ned.

Milepålå: Involvere innbyggjarane

Tid: Januar 2015 -> August 2015

Tiltak:

- Folkemøte i Olivinhallen
- Skuleprosjekt for elevane i skulane
- Møter med næringslivet
- Ny innbyggjarundersøking etter valet i 2015

Milepålå: Kartlegging av tenestetilbodet

Tid: Desember 2014 -> Juni 2015

Tiltak:

- Open Space møte med Sjustjerna
- Brukarundersøkingar

- Innbyggjarundersøkingar
- Analysere tenestene våre
- Bygdemøte / info
- Analyser av kvifor vi er gode på dette.

Milepåle: Møte med alle kommunane i nærleiken

Tid: Januar - mars 2015

Tiltak:

- Invitere formannskapa til møte, eitt og eitt.
- Ta initiativ til rådmann og ordførarmøte.
- Open Space på tenesteområda i sjustjerna
- Dagssamling med kommunestyret , fylkesmannen, regionrådet
- Avklare alternativ - nye samtalar med aktuelle kommunar

Milepåle: Kartleggje alternative samarbeidskommunar

Tid: Desember 2014 → Juni 2015

Tiltak:

- Kartleggje alternativ med verktøy frå departementet.
- Hente inn informasjon om organisering.
- Delmilepåle: Sjå om ulik struktur kan bli ei utfordring.
- Delmilepåle: Presentere alternativa politisk.

Milepåle: Fokus på samferdsle og næring

Tid: Heile 2015

Tiltak:

- Halde fram med den gode planlegginga av Rovdefjordbrua.
- Strategisk næringsplan ut på høyring.
- God planlegging, involvere både kommune og sentrale mynde.
- Tilsett prosjektleiar på samferdsel over to år, for å fremje samferdsel og næring. (Svein Gjelseth.)
- Halde fram med arbeidet med Stad Skipstunell.

Vurdering og konklusjon:

Då kommunereforma er i stadig endring, må handlingsplanen verte å sjå på som eit levande arbeidsdokument. Difor må vere rom for endringar undervegs, til dømes dersom det vert endringar frå statleg hald, og det må vere rom for endringar i dei lokale prosessane.

Fiskå, 17.11.2014

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Anna Lianes
rådgjevar

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes tilråding som framlegget med desse medlemane i utvalet; jfr. punkt 3:

Ottar Jan Løvoll, Ap
Magne Løvoll, Sp
Lena Nordal Vedeld, H
Øystein Blom, Krf
Leon Stranden, V
Nils Olav Moen, Frp
Leiar i ungdomsrådet
1 representant frå dei tillitsvalde
Vanylven Utvikling utpeikar 1 representant frå næringslivet.

Partia kan sjølve skifte ut sine representantar.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommune fylgjer "løp 2" i kommunereforma, som inneberer eit lokalt vedtak om ei eventuell samanslåing skal gjerast innan 01.07.16, med faktisk samanslåing i 2020.
2. Rådmannen utnemner ein kontaktperson for kommunereforma frå administrasjonen.
3. Kommunestyret utnemner eit utval sett saman av administrasjon, politikarar, ungdomsråd og tillitsvalde, med mynde jamfør punktet "organisering". Desse vert valde:
 - Ottar Jan Løvoll, Ap
 - Magne Løvoll, Sp
 - Lena Nordal Vedeld, H
 - Øystein Blom, Krf
 - Leon Stranden, V
 - Nils Olav Moen, Frp
 - Leiar i ungdomsrådet
 - 1 representant frå dei tillitsvalde

- Vanylven Utvikling utpeikar 1 representant frå næringslivet.
Partia kan sjølve skifte ut sine representantar
4. Handlingsplanen vert vedteken slik den ligg føre.
 5. Rådmannen og ordførar får saman med utvalet mandat til å gjere endringar i handlingsplanen, dersom ein ser at enkelte punkt er overflødige eller ikkje let seg gjennomføre.
 6. Innbyggjarinvolvering vert gjort i tråd med punkta i handlingsplanen.
 7. Skjønsmidlane frå fylkesmannen på kroner 200.000 vert nytta til å løne kontaktperson. Kroner 100.000 frå departementet vert nytta til høyringar, folkemøte og liknande.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegg frå Frp v/Bjarne Sætrenes:

Punkt 3: Rådmannen vert medlem i utvalet.

Framlegg frå Magne Løvoll:

Punkt 3: Leiar i driftsutvalet Mona Stenersen og leiar i livsløpsutvalet Aina Ersvåg Wefring vert medlemar i utvalet.

Samrøystes vedtak som framlegget med slik tillegg:

Punkt 3: Rådmannen vert medlem i utvalet.

Leiar i driftsutvalet Mona Stenersen og leiar i livsløpsutvalet Aina Ersvåg Wefring vert medlemar i utvalet.

VEDTAK:

1. Vanylven kommune fylgjer "løp 2" i kommunereforma, som inneberer eit lokalt vedtak om ei eventuell samanslåing skal gjerast innan 01.07.16, med faktisk samanslåing i 2020.
2. Rådmannen utnemner ein kontaktperson for kommunereforma frå administrasjonen.
3. Kommunestyret utnemner eit utval sett saman av administrasjon, politikarar, ungdomsråd og tillitsvalde, med mynde jamfør punktet "organisering". Desse vert valde:
 - Rådmannen
 - Ottar Jan Løvoll, Ap
 - Magne Løvoll, Sp
 - Lena Nordal Vedeld, H
 - Øystein Blom, Krf
 - Leon Stranden, V
 - Nils Olav Moen, Frp
 - Leiar i driftsutvalet Mona Stenersen
 - Leiar i livsløpsutvalet Aina Ersvåg Wefring
 - Leiar i ungdomsrådet
 - 1 representant frå dei tillitsvalde
 - Vanylven Utvikling utpeikar 1 representant frå næringslivet.
 - Partia kan sjølve skifte ut sine representantar
4. Handlingsplanen vert vedteken slik den ligg føre.

5. Rådmannen og ordførar får saman med utvalet mandat til å gjere endringar i handlingsplanen, dersom ein ser at enkelte punkt er overflødige eller ikkje let seg gjennomføre.
6. Innbyggjarinvolvering vert gjort i tråd med punkta i handlingsplanen.
7. Skjønsmidlane frå fylkesmannen på kroner 200.000 vert nytta til å løne kontaktperson. Kroner 100.000 frå departementet vert nytta til høyringar, folkemøte og liknande.

Gjeld heile prosessen		2014	2015	2016
Månad	Veke			
Januar	1		God planlegging i næring og samferdsle. Tillitsvalde skal involverast	
	2		Møte med tillitsvalde	Hente inn informasjon om organisering av nye kommunar.
	3		Digital kanal for tilbakemelding på heimesida	Veke 3-8 Møte med formannskapa eitt og eitt
	4		Nyhendebrev frå rådmann til dei tilsette den 20. kvar månad	Veke 3-8 Møte med formannskapa eitt og eitt
Februar	5		Undersøkje om ulik struktur vert eit problem	Veke 3-8 Møte med formannskapa eitt og eitt
	6			Veke 3-8 Møte med formannskapa eitt og eitt
	7		Nyhendebrev frå rådmann	Veke 3-8 Møte med formannskapa eitt og eitt
	8			Veke 3-8 Møte med formannskapa eitt og eitt
Mars	9			
	10		Presentere alternative kommunar politisk 1	
	11		Møte med ordførarar og rådmenn i sjustjerna	
	12		Nyhendebrev frå rådmann	
April	13		Folkemøte i Olivinhallen	
	14			
	15		Nyhendebrev frå rådmann	
	16			
Mai	17			
	18		Dagssamling med kommunestyre, formannskap, Regionråd	
	19		Nyhendebrev frå rådmann	
	20		Folkemøte i Olivinhallen	
Juni	21			
	22			
	23		Nyhendebrev frå rådmann	Mai / juni 2016: Sak til kommunestyre
	24			
Juli	25			
	26		BDO: Vedtak om moglege alternativ	
	27		1.juli Midtvegsrapport til Fylkesmannen	1.juli 2016: Vedtak sendt til Fylkesmannen
	28			
August	29			
	30			
	31		Nyhendebrev frå rådmann	
	32		Folkemøte i Olivinhallen	
September	33		Skuleprosjekt for elevane	
	34		Møte med næringslivet	
	35		Nyhendebrev frå rådmann	
	36		Kommuneval	
Oktober	37			
	38		Møte med næringslivet	
	39		Nyhendebrev frå rådmann	
	40		Innbyggjarundersøking (etter valet)	
November	41			
	42			
	43		Nyhendebrev frå rådmann	
	44		Presentere alternative kommunar politisk 2	
Desember	45		Analysar av tenestetilbodet er ferdig.	
	46			
	47		Nyhendebrev frå rådmann	
	48		Sak til Formannskap og Kommunestyre	
	49		Strategisk Næringsplan ut på høyring	
	49		Kartleggje alternativ med verktøy fra staten	
	49		Plan for analysering av tenester	
	50		Nyhendebrev frå rådmann	BDO: Intensjonsavtale med felles vedtak
	51		Kartleggje alternativ med verktøy fra staten	
	51		Kartleggje alternativ med verktøy fra staten	
	52		31.12.14 Frist handlingsplan til fylkesmannen	